

Kommunemøte - beredskap 25. mai 2023

Stad: Teams

Tidspunkt: kl. 13.30 - 15.00

Deltakarar: Kommunane, IMDi, UDI, Sivilforsvaret, fylkeskommunen og KS.

Ikkje til stades: Austevoll, Eidfjord, Fedje, Fitjar, Kvam, Modalen, Solund, Stord, Ullensvang, Ulvik, Voss og Årdal

Innhald

Innleiing v/Haavard Stensvand – Statsforvaltaren i Vestland

- Kort om den tryggleikspolitisk situasjonen og status på kjernekraftverk i Ukraina
- Oppdaterte punkt om tryggleik knytt til valet

PST si trusselvurdering av Pride-arrangement v/ Tone Loftesnes Kornli

Nødvarsel og nasjonal varslingsprøve 14. juni v/ Beate Angeltveit - Sivilforsvaret

Lokal og regional blodberedskap v/Torunn Oveland Apelseth (leiar for Norsk Koordineringssenter for blodberedskap)

- Orientering om dagens blodberedskap, pilotprosjekt i Finnmark og mogleg prosjekt i Vestland

Informasjon om oppdrag knytt til masseankomst av flyktningar v/Haavard Stensvand

Erfaring frå kommuneøving og arbeidet vidare med totalforsvaret v/Haavard Stensvand

Tiltakskort ved varsel om uvêr og naturfare v/Mari Severinsen

Orienteringssaker frå helse v/Gudmund

Orienteringssak om hurtigtestar for covid-19 Haavard Stensvand

Referat frå kommunemøte 25.05.23

Den tryggleikspolitisk situasjonen og status på kjernekraftverk i Ukraina

v/Haavard Stensvand – Statsforvaltaren i Vestland

Det ser ut til å skje både mykje og lite når det gjeld krigføringa i Ukraina; det førgår harde kampar men samstundes er det lite endringar i frontlinjene.

På heimesida til ISW vart det publisert følgjande den 24. mai:

«Russland erklærte for nokre få dagar sidan siger over Bakhmut, etter å ha kjempa om byen i nesten eitt år. Slaget markerer den første påståtte russiske sigeren over ein stor by sidan erobringa av Severodonetsk og Lysychansk i fjar sommar. Kampen om Bakhmut pågår framleis, sidan ukrainske styrkar har gjenvunne initiativet og gått til motangrep på flankar nord og sør for byen. Den russiske årelange innsatsen begynte som ein del av ein teoretisk fornuftig, men alt for ambisiøs operativ innsats. Den endte som eit rent symbolisk tiltak som har gitt titusenvis av russiske tap».

Alle kommentatorar ventar no på den ukrainske motoffensiven. Det er grunn til å tru at det kan verte ein blodig sommar.

På det diplomatiske området ser det heller ikkje ut til å vere noko nært føreståande gjennombrot. Det vil nok heller ikkje skje så lenge begge partar trur at dei framleis har meir å oppnå på slagmarka enn gjennom forhandlingar.

Her heime skjer det mykje på både forsvars- og beredskapsområdet. Heilt i starten av mai la forsvarskommisjonen fram sin rapport. Dei sa m.a. at i den nye tryggleikspolitiske situasjonen vi står i, må Europa ta eit langt større ansvar for egen tryggleik. Noreg sin forsvarsevne er ikkje tilpassa dette utfordringsbildet. Meir langsiktig og føreseieleig tenking og samlande politiske løysningar må til for å investere i det som er aller viktigast: vår fred og fridom.

Ein av konklusjonane frå kommisjonen var at det er nødvendig å styrke det sivil-militære samarbeidet og totalforsvaret, med betre handtering av samansette truslar og ei revitalisering av totalforsvaret

No i juni kjem rapporten frå totalberedskapskommisjonen, og det er god grunn til å vente at den vil seie mykje meir om oppgåvene til både kommunane og statsforvaltarane.

Anløp av reaktordrevet hangarskip

Som informert om frå regjeringa og i media er det amerikanske reaktordrevne hangarskipet USS Gerald Ford besøke Oslo 24. - 29. mai. DSA seier at den nukleære tryggleiken knytt til besøket er godt ivareteke og at det er svært lite sannsynleg med uønskte reaktorrelaterte hendingar. I samband med at konsesjon er gitt for anløpet, er

det gjennomført risikovurderingar, beredskapsplanar, tryggleiksprosedyrar og samordning mellom relevante aktørar.

Som eit kontrollerande tiltak har DSA gjennomført kartlegging av bakgrunnsstråling rundt Oslofjorden og i Oslo sentrum. Under besøket vil dei ha mobile målestasjonar på relevante stadar, for å kontinuerleg kunne følge med på eventuelle endringar av strålingsnivået. Forsvaret vil ta vassprøver før, under og etter besøket, og desse vert forløpende analysert på DSA sitt laboratorium. DSA har auka beredskap under heile besøket.

[De kan lese meir om anløpet på dsa.no.](#)

PST si trusselvurdering av Pride-arrangement v/Tone Loftesnes Kornli, PST

Det skal i dei komande månadane vere Pride-/regnboge-arrangement mange stader i landet, òg i Vestland. Arrangementa begynner om ei veke og varar til september. Arrangementa er av ulik storleik i landet.

PST har utarbeidd ei trusselvurdering for slike arrangement som vart utgitt no i mai. Trusselvurderinga er å finne her:

<https://www.pst.no/alle-artikler/Rapporter/trusselvurdering-pride-arrangementer-i-2023/>

Trusselvurderinga kjem på bakgrunn av terrorhendinga i forkant av Oslo Pride i fjar. Det er grunn til å tru at angrepet var meint å vere retta mot LHBT+-miljøet. Det har vore andre angrep i Europa, t.d. i Bratislava. I Colorado i USA var det i fjar angrep retta mot tilsvarande miljø.

Det overordna trusselnivå er framleis moderat i Noreg. LHBT+ er i fiendebildet til både høggreekstreme og ekstreme islamistar. Ei eventuell handling vil kunne utførast av enkeltpersonar, og folkerike mål med få eller ingen sikringstiltak er attraktive terrormål. Både ekstreme islamistar og høggreekstremistar vil sannsynlegvis nytte enkle og lett tilgjengelege angrepssmidlar i eit eventuelt terrorangrep.

Det er viktig at kommunen og arrangøren har eit godt samarbeid med politiet og andre relevant etatar.

Loftesnes Kornli oppmoda om å ha ein låg terskel for å ta kontakt med PST. Då kan dei vurdere om det er noko i situasjonen som kan gi grunn til uro, enten det gjeld aksjonar med netthat, eller truslar retta mot enkeltpersonar eller arrangement. Etter som arrangementa er marknadsført, gir det mogelegheiter for langtidsplanlegging av aksjonar.

Kommunane har ikkje motteke noko rapport enda.

**Orientering om naudvarsle og nasjonal varslingsprøve 14. juni kl.12.00 v/Beate
Angeltveit - Sivilforsvaret**

Onsdag 14. juni er planlagt ein felles nasjonal varslingsprøve, der både naudvarsle på mobiltelefon og tyfonanlegga skal testast samstundes.

Du kan lese om naudvarsle her: [Hjem \(nodvarsel.no\)](#)

Det vart lansert ein befolkningskampanje om det nye naudvarslingssystemet i februar 2023. Undersøkingar tyder på at halvparten av befolkninga fekk med seg kampanjen.

Det skal utløysast tyfonvarsle kl 12.00 den 14.juni. Samstundes vil naudvarsle sendast til telefonar kopla til 4G eller 5G rundt same klokkeslett.

Telefonen må vere i flymodus eller slått av viss ein ikkje skal få varselet. Varselet vil vere ein høg lyd i ti sekundar, og med ei melding som opplyser at det er ein av naudvarsle. Telefonar med utanlandsk nummer vil få meldinga på engelsk.

Politiet er dei einaste som kan sende varsel i fredstid, medan sivilforsvaret har ansvar i krigssituasjonar.

Det er planlagt både nasjonale og lokale nyhendemeldingar. Ein nasjonal informasjonskampanje vil starte 1. juni. Informasjon til skular vert sendt ut via Utdanningsdirektoratet (det er allereie sendt informasjon om dette til kommunane).

Haavard Stensvand

Vi vil invitere politiet med på neste kommunemøte (22. juni), for å gi ei orientering om bruk av naudvarselsystemet på lokalt/regionalt nivå.

Ståle Juvik Hauge

Var mykje informasjon på polsk under pandemien. Vil SMSen innehalde informasjon med lenke til nettstad for meir info på andre språk?

Svar Beate Angeltveit: Kjem meir info om dette. Sjølve meldinga vil nok berre gå ut på engelsk til andre norske mobiltelefonar.

Ståle Juvik Hauge: Oppmodar om å opprette ei lenke i SMSen, slik at det er mogleg å finne informasjon om varslingsprøven på fleire språk, eller at det er ei god marknadsføring på andre språk i forkant av varslinga.

Lokal og regional blodberedskap v/Torunn Opeland Apelseth (leiar for Norsk Koordineringssenter for blodberedskap)

Torunn Oveland Apelseth er seksjonsoverlege og leiar for Norsk Koordineringssenter for blodberedskap (NoKBlod). Det er ein nasjonal samhandlingsplattform for blodberedskap, og senteret er lokalisert ved Haukeland universitetssjukehus.

Du kan lese om NoKBlod her; <https://helse-bergen.no/avdelinger/laboratorieklinikken/norsk-koordineringssenter-for-blodberedskap-nokblod>

Oveland Apelseth orienterte om arbeidet som senteret driv, og om eit prøveprosjekt som dei er involvert i Finnmark.

Det er praktisk mogleg å ha blodprodukt utanfor sjukehusa og. I situasjonar der ein risikerer at pasientar kan blø i hel, er det nødvendig med blod i ambulansen og, ikkje berre på sjukehuset. Tørka plasma er haldbart lenge og kan difor oppbevarast i ambulansar.

Med eit system med «vandrande blodbank» kan ein tappe ein blodgivar når det er nødvendig for ein heilt spesifikk pasient. Det føreset eit system der ein «moderblodbank» følgjer opp blodgjevarane.

NoKBlod ønskjer gjerne at vi kan få til eit tilsvarande prosjekt i Vestland.

Frøydis Gullbrå, Aurland kommune

Vi kan sjå behovet. Aurland blir isolert når Lærdalstunnelen stenger, turist (cruise) og ulykker.

Haavard Stensvand

Også øykommunane kan bli isolert.

Hans Johan Breidablikk, Fjaler

Viss luftambulansane har godt nok utstyr, bør det vere tilstrekkeleg.

Haavard Stensvand

Dette kan vere noko vi kan ta opp igjen på fagsamlinga 24.-25. oktober i Førde.

Lenke til påmelding:

https://www.deltager.no/statsforvalteren/event/kommunesamling_i_forde_24-25_oktober_2023_24102023#init

Erfaring frå kommuneøving og arbeidet vidare med totalforsvaret v/Haavard

Stensvand – Statsforvaltaren i Vestland

Vi hadde tidlegare i månaden øving med 17 kommunar, der temaet var totalforsvaret. Scenarioet tok utgangspunkt i ein tilspissa tryggleikspolitisk situasjon. Øvinga hadde to overordna målsetjingar; at kommunane skal utvikle kompetansen i krisehandtering, og å bidra til å utvikle arbeidet med totalforsvaret og problemstillingar i øvre del av krisespekteret.

Som ein del av dette ønskjer vi at kommunane skal få betre innsikt i eigne, og andre beredskapsaktørar sine roller og ansvar ved slike hendingar. Det kan bidra til å styrke arbeidet med totalforsvarsutfordringar i ROS-analysar og beredskapsplanverk. Difor var politiet, Sivilforsvaret og HV i mange av kommunane og bidrog inn i diskusjonane.

Sett frå vår synstad var det ei god øving. Problemstillingane og innspela som vart løfta undervegs trefte godt og var relevante.

Vi har fått tilbake evalueringar frå ein del kommunar. Vi tar med oss tilbakemeldingane i det vidare arbeidet. Alle svarar at problemstillingane var reelle og at både scenario og teknisk gjennomføring fungerte godt. Fleire kommunar ønskjer at Statsforvaltaren fasiliterer fleire slike øvingar, og at dei opplevde det som veldig nyttig at politiet, sivilforsvaret og HV deltok.

Identifiserte lærepunkt er m.a. at det finst mykje ressursar hjå eksterne aktørar og lokalsamfunnet, og at informasjonsarbeidet er ein svært viktig del av handteringar. I tillegg at det er viktig med ei felles forståing av situasjonar og rullering av personell ressursar.

Fleire skriv og at dei har konkrete forventingar til at Statsforvaltaren samordnar aktivitetar, koordinerer tiltak og fordelingar (særleg ved hendingar som kryssar kommunegrensene) og at regionalt og nasjonalt nivå tek initiativ til arbeidet med totalforsvaret.

Vi ber dei kommunane som ikkje har sendt inn evalueringa om å gjer det så snart som råd.

Utfordring med utsendingar frå DSB-CIM v/Mari

Det var tre kommunar som opplevde utfordringar med å ta i mot e-postar som vi sendte frå CIM under øvinga. Vi har opplevd før at nokre kommunar har dette problemet, òg for utsendingar frå CIM nå systemet ikkje er i øvingsmodus.

Årsaka er at brannmuren i IKT-systema stoppar e-postar som kjem frå oss, når avsendaren er CIM og ikkje Statsforvaltardomenet. Dette oppstår gjerne etter oppdateringar. For å sikre at e-postane frå CIM kjem fram, oppmodar vi om at de tar kontakt med dykkar IKT-ansvarleg og ber om at dei opnar for denne avsendaren. Viss dei har spørsmål kan dei ta kontakt med oss eller direkte med F24.

Informasjon om oppdrag knytt til massetilstrøyming av flyktingar v/Haavard Stensvand – Statsforvaltaren i Vestland

Vi er i ferd med å få eit oppdrag frå DSB om å etablere beredskap for stor auke i talet flyktingar frå Ukraina. Vi kan stå framfor nok ein blodig krigssommar i Ukraina, og ein ny offensiv kan generere mange flyktingar. Beredskapssystemet skal likevel vere generisk og berre rettast inn mot flyktingar frå Ukraina.

Det er allereie planar for auke i tilstrøyminga, men oppdraget vårt er å få på plass planar for ekstraordinære høg tilstrøyming som går ut over det dei ordinære systema er i stand til å handtere. Det kan innebere innkvartering med noko lågare tenestenivå (t.d. i sovesalar).

Trond Egil Hansen

Vi må ikkje oversjå at dei som kjem treng helsehjelp. Erfaringa viser at det er eit aukande behov for det etter lengre tid i krig.

Tiltakskort ved varsel om uvêr og naturfare v/Mari

Statsforvaltaren har ved fleire høve dei siste åra diskutert med ulike aktørar kva vi eigentleg ventar av handling når vi sender ut varsel om naturfare eller alvorlege meteorologiske hendingar. Vi har difor utarbeidd eit forslag til felles tiltakskort som seier noko om forventningar til handling og oppfølging hjå ulike aktørar når vi får naturfarevarsle.

Hovudmålgruppa er kommunane, men vi har òg prøvd å vere tydelege på kva de kan vente at Statsforvaltaren gjer ved dei ulike varsle. I tillegg kva handlingar/tiltak andre aktørar set i verk og som igjen vil påverke kommunen. Dette er tenkt som eit supplement, og ikkje som ei erstatning til interne tiltakskort for slike varsel.

For å sikre eit mest mogleg treffande tiltakskort, har vi kopla på ei arbeidsgruppe. I tillegg til oss, har Bergen kommune, Kvam herad, Årdal kommune, fylkeskommunen, Vest politidistrikt, 110 sentralen, Helse Førde og Statens vegvesen delteke og kome med innspel i prosessen.

Det er òg viktig å presisere at dette er eit levande tiltakskort som kan justerast og utviklast vidare ved behov. Vi oppmodar difor om å sende innspel til tiltakskortet til sfylberedskap@statsforvalteren.no.

Orienteringssaker frå helse v/Gudmund Øvsthus

Multiresistente bakteriar i flyktningmottak

Vi vil minne om nyheitssak som FHI publiserte 26.04.2023. Folkehelseinstituttet har registrert funn av bærerskap med multiresistente bakteriar som MRSA, ESBL o.a. hjå flyktningar og asylsøkjarar som nyleg er komne til landet. Alle kommunar som har ansvar for innkvartering av flyktningar og asylsøkjarar vert tilrådde å setje seg godt inn i «[Smittevernplan for ankomstsentre og lignende midlertidig innkvartering for asylsøkere og flyktninger](#)». FHI vurderer at denne planen bør inngå i kommunane sin smittevernplan. Vi ber difor kommunane om å vurdere om det er aktuelt for deira smittevernplan. FHI har laga eit utkast til smittevernplan som kan tilpassast til lokale forhold.

Informasjonsbrev frå FHI om vaksinasjon mot mpox (apekoppar)

FHI sende 22.05.23 ut brevet "Informasjon til kommunehelsetjenesten om forebyggende vaksinasjon mot mpox (apekopper) – utvidelse av tilbud til prioriteringsgruppe 3."

I brevet står det at tilbodet om vaksine no vert utvida til menn som har sex med menn, og transpersonar med sjølvrapportert risikoåtferd, uavhengig av om dei er HIV-positive, står på HIV-PrEP, eller har hatt syfilis, gonoré eller klamydiainfeksjon siste 24 månadane. Helsepersonell og laboratoriepersonell som er særleg utsett for smitte i arbeidet skal også få tilbod om vaksine. Denne vaksinasjonen skal tilbydast i kommunehelsetenesta.

Koronapandemien

WHO erklærte 05.05.23 at koronavirus-pandemien ikkje lenger er ei internasjonal folkehelsekrise. Pandemien er dermed gått inn i en ny fase, men erklæringa får ingen direkte konsekvensar for Noreg. Vi har ikkje hatt nokon pålagde smitteverntiltak sidan februar 2022. FHI uttaler at det framleis er viktig med god overvaking og beredskap, og oppfriskingsvaksinasjon for dei som treng det, sjølv om den kritiske fasen av pandemien no er over.

Orienteringssak om hurtigtestar for covid-19 v/Haavard Stensvand – Statsforvaltaren i Vestland

Vi fekk denne veka her beskjed frå Osterøy kommune om at hurtigtestane av typen BioSynex 1-pakningar er ubrukelege grunna for lite væske i reagensrøyret.

Vi fekk den same beskjeden frå to andre kommunar tidlegare i år. Til saman gjeld det difor ganske mange hurtigtestar, så langt i tre ulike kommunar.

Vi var i kontakt med Helsedirektoratet om funnet tidlegare i år. Etter nokre stikkprøvar av reagensrøyrr på «Nasjonalt Forsyningslager», gjekk ikkje direktoratet vidare med saka. Hdir sa at dei ville ta opp att saka viss det kom fleire liknande tilbakemeldingar. Vi har

difor informert om det nye tilfellet. Hdir seier at dei på nytt vil vende seg til "Sykehusinnkjøp" og få dette undersøkt nærare.

Det vil vere lurt at andre kommunar undersøker om de har same problemet med at væska i reagensrøyra er minska i typen BioSynex 1-pakning.

Helsedirektoratet viser elles til brev til kommunane i februar der dei tilrår at kommunane har eit beredskapslager av hurtigtestar tilsvarande 0,5 testar per innbyggjar. Tilrådinga gjeld fram til utgangen av 2023.

Hdir seier og at kommunar som treng nye hurtigtestar kan i første omgang kontakte nabokommunar som framleis har overskot av testar. Om nødvendig kan kommunane bestille hurtigtestar ved å sende e-post til hurtigtest-e-postadressa til Hdir. Vi legg e-postadressa ved referatet.

Ved bestilling må kommunane sette inn ønska tal testar, kontaktperson med telefonnummer og adresse for levering. Testane leverast på ferdige pallar og minste tal testar som kan bestillast er tusen.

Vi minner og om at Helsedirektoratet har avklart med Miljødirektoratet at hurtigtestane er å sjå på restavfall.

E-post for bestilling av hurtigtestar: hurtigtest@helsedir.no